

Soknerådsmøte i Moster kyrkje

tysdag 25.08. 2020

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Marta Fauskanger Ekberg, Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Camilla Rubach, og Aksel Lygre.

Heidi Torkelsen Fagervik var ikkje til stades.

Sak 52 – 2020 Godkjenning av møtebok frå 16.06.20 og av innkalling.

Innkalling og møtebok godkjend, med tillegg av saker 61, 62 og 63.

Sak 53 – 2020 Oppfølging av tidlegare saker.

Kyrkjemusikalsk utval vil verte innkalla til soknerådsmøtet den 22. september. Me set av ein time i starten av møtet til utvalet, og deretter litt mat. Forslag til tema for samtale:

Kva planar og ynskje har utvalet for det kyrkjemusikalske arbeidet framover? Korleis jobbar me for å få til variererte musikalske uttrykk? Korleis tenkjer me om musikalsk involvering på ungdomsgudstenester? Korleis kan me få fart på rekrutteringa til koret?

Vedtak: Soknerådet sluttar seg til desse spørsmåla.

Oppnemning av nokon som sender foto og tekst til heimeside til kyrkjekontoret.

Dette spørsmålet vert utsett til neste møte. Alle soknerådsmedlemmene vert bedne om å kome med forslag til kandidatar til neste møte.

Temakveldar: Ansvarleg komité følgjer opp, og involverer diakoniutvalet i forbønsgudstenesta.

Flygeblad/plakatar vart utdelte, og vert hengde opp ymse stader.

Opning av gudstenester frå og med 21.juni. Kort evaluering.

I nattverdkøen må det setjast opp bord med antibac.

Ein må halde fram med god og konkret informasjon.

Korleis nytta den store deltakinga på nettgudstenestene til å vitalisera gudstenestelivet?

Oppfølging: Skaffe fleire tekstlesarar. Fire nye i fast rullering på gudstenestelista. Involvere fleire i musikkinnslag. Dette siste vert også tema på møtet den 22. september.

Forslag frå Karianne H Fimland om montasje av leikevegg. Info og drøfting.

Vedtak: Førebels er ikkje denne saka aktuell p.g.a koronaen. Ein må også søkje biskopen om slike fastmonterte installasjonar, og det er lite truleg at det vert godkjend.

Sak 54 – 2020 Kyrjekaffi hausten 2020.

Vedtak: Moster sokneråd ser det smittevernmessig ikkje forsvarleg å ha kyrjekaffi hausten 2020.

Sak 55 – 2020 Kvartalsrapport 2.kvartal 2020.

Saka kjem opp på neste soknerådsmøte.

Sak 56 – 2020 Revisjon av lokal liturgisk grunnordning.

Vedtak frå sist møte: «Soknerådet vil liggje nærast mogeleg opp til dei vedtaka som vart gjorde sist gong, av soknerådet i 2011. Me går difor inn for forslaget i denne saka, som vedlagt. Me føreset at det vert gjort likt i alle kyrkjelydane på Bømlo. Punkt 1 og punkt 18 i spørjeskjemaet må takast stilling til ved seinare høve. Soknemøtet har den endelege avgjerda.» **Punkt 1 + 18 må takast stilling til, og dato for soknemøte må setlast.**

Dette soknemøtet vert i forlenging av gudstenesta den 11. oktober.

Sak 57 – 2020 Samrådsmøte 8.september.

Me inviterer bedehusa sine representantar til kyrkja. Tema: Gudstenestelista, anna samarbeid, forsamlingsleiar i Salem og kva dørar det kan opna. Soknerådet kjem med eventuelle innspel til samrådsmøte.

Sak 58 - 2020 Konfirmasjonar 26.-27.9.

Samtale om kappar, kyrkjevertar, parkering, info om smittevern, strøyming etc.

Vedtak: Marta og Elin tek ansvar for kappar. Det er ikkje naudsynt med parkeringsvakter. Namn på deltakarar vert levert inn på førehand. Info om smittevern vert gjeve på vanleg måte. Ein person har fått det praktiske og tekniske ansvaret med strøyming av gudstenestene.

Sak 59 – 2020 Miljøtiltak for konfirmanter i Moster sokn 2020 – 2021.

Grunna noverande situasjon med korona, må miljøtiltak for konfirmantane leggjast til rette. Framlegg om å nytta Salem til fellessamling og gruppesamlingar.

Aksel følgjer opp saka i samarbeid med Camilla.

Sak 60 – 2020 Referat og meldingar

Krafttak for misjon – kort info. Kr. 5000,- er sendt til NMS. Biskopen i Bjørgvin har fått melding.

Skifting av glas, måling og anna vedlikehald av kyrkja. Info ved Rune. Arbeidet er no godt i gang. Taket er ordna og mange rotne bord er skifta ut.

Orgelkomiteen: Vi ligg godt an.

Frå fellesrådet. Ikkje møte.

Komité for lokalt kyrkjejubileum 2024. Liten

aktivitet p.g.a. koronasituasjonen.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Sak 61 – Haust og juleprogram

Kyrkjevergja har skissert to alternativ vedrørande avviklinga av juleaftangudstenester i Bømlo, og bed sokneråda ta stilling til desse. Alternativ 1: Juleaftangudstenestene vert avvikla som vanleg, med naudsynte smitteverntiltak og avgrensingar. Alternativ 2: Det vert strøyma ei juleaftangudsteneste, med ulike innslag, slik som på 17-maigudstenesta.

Vedtak: Moster sokneråd går for alternativ to, -strøymegudsteneste på juleaftan. Me føreset at det vert opptak frå alle kyrkjene, og at det vert eit liknande opplegg som på 17. mai.

Sak 62 – Bok til brudepar.

Skal me halde fram med å gje boka «Sammen i kjærlighet» saman med Bibelen til ektepar?

Vedtak: Dersom boka framleis er å få tak i, går soknerådet inn for å dele den ut til ektepar, saman med Bibelen.

Sak 63 – 2020 Innrapportering av innvendige behov i kyrkja frå sokneråd til fellesrådet for budsjettet 2021.

Prioritert liste:

1. Utedør, mellomdør og dør frå kyrkjerom og ut må setjast i stand og malast.
2. Oppussing av våpenhus
3. Bilete av alle prestar som har hatt teneste i kyrkjene på Bømlo.
4. Måling av kyrkjerommet før jubiléet i 2024 (Langtidsbudsjettet)

Per Harald Gjerde
skrivar.